

Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Tilskotsbrev hausten 2018 - auka lærarinnsats på 1.-10. trinn og kompensasjon for innføring av norm for lærartettleik - Lindås kommune

Statsbudsjettet for 2018 vart vedteken i Stortinget i desember 2017.

Som ein del av vedtaket blir det innført ei norm for lærartettleik i heile grunnskulen frå hausten 2018. Skuleåret 2018-2019 skal gruppestorleik 2 (dvs. i ordinær undervisning) vere maksimalt 16 på 1.-4. trinn og maksimalt 21 på 5.-10. trinn. Frå hausten 2019 skal gruppestorleik 2 vere 15 på 1.-4. trinn og 20 på 5.-10. trinn. Norma gjeld på kvart hovudtrinn på skulenivå.

Kommunane har frå og med 2015 fått eit øymerka tilskot til auka lærartettleik. Tilskotet har vore øymerka lærarstillingar til undervisning og har vore fordelt etter delkostnadsnøkkelen for grunnskulen. Det gjeldande øymerka tilskotet til auka lærarinnsats inngår i kompensasjonen til kommunesektoren for innføring av lærarnorma. Alle kommunane beheld det eksisterande øymerka tilskotet til auka lærarinnsats ut kalenderåret 2018. Totalt er det løyvd 1,412 milliardar kroner til auka lærarinnsats i 2018.

Hausten 2018 er føremålet med løyvinga på kap. 226 post 63 å kompensere kommunane for innføring av lærarnorma og fortsatt auka lærarinnsats, jf. Prop. 85 S (2017-2018). Kommunane vil få ei samla øymerka løyving på omlag 712 millionar kroner til dette. Omlag 512 millionar kroner blir fordelt til alle kommunane etter delkostnadsnøkkelen for grunnskulen 2018, medan 200 millionar kroner blir fordelt særskilt til kommunar med behov for fleire lærarårsverk for å oppfylle lærarnorma.

Kommunane må berekne kor mange lærarårsverk det er behov for på den einskilde skule, for å oppfylle lærarnorma på kvart hovudtrinn. Kalkulatoren på Utdanningsdirektoratet sine nettsider er eit hjelpemiddel for kommunane og skulane når dei skal berekne dette:

<https://gsi.udir.no/registrering/kalkulatorer/gruppestorrelse2/>

Tilskot

Tilskotsordninga er budsjettstyrt og løyvinga i statsbudsjettet har difor direkte innverknad på storleiken på tilskotet som kan bli utbetalt. På grunnlag av berekningar gjort av Kunnskapsdepartementet gir Utdanningsdirektoratet følgjande tilsegn om tilskot til Lindås kommune for hausten 2018:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Tilskudd til økt lærerinnsats	1762689,00	Jan-Des	—	1 762 689,00
Totalt:	1762689,00			1 762 689,00

(Tabellen ovanfor er automatisk generert frå Utdanningsdirektoratet sitt system for berekning og utbetaling av tilskot.)

Merk: Periode i tabellen er «Jan-Des», men utbetalinga gjeld for perioden august til desember.

Beløpet blir utbetalt til Lindås kommune (org.nr. 935084733) kontonummer 32010589311 primo juli.

Rapportering frå kommunane

Kommunane skal på same måte som tidlegare, gjennom ei enkel rapportering til Utdanningsdirektoratet, stadfeste at tilskotsmidlane for hausten 2018 er brukt til lærarårsverk til undervisning på 1.-10. trinn. Frist for rapportering er 15. januar 2019. Kommunane vil få nærare beskjed om denne rapporteringa.

Kommunane skal også rapportere om talet på årsverk til undervisning gjennom ordinær rapportering i GSI. Det vil bli nokre mindre endringar i GSI-skjemaene frå og med hausten 2018. Direktoratet vil informere nærare om endringane når testinnsamlinga av GSI blir opna i august.

Tilsegn om tilskot er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2018.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta i samsvar med vilkåra i § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hjå tilskotsmottakar for å kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i Lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Lindås kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brote vilkåra for tilskotet, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake tilskot eller krevje det tilbake. Ved feil i utrekning eller i utbetaling av tilskotet kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar, eller tilskot kan krevjast betalt tilbake til Utdanningsdirektoratet.

For regelverk og annan informasjon viser vi til Utdanningsdirektoratet si nettside www.udir.no

Med helsing

Bjørn Erik Rasmussen
avdelingsdirektør

Stig Lodve Janbu
Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.